



Snart vert det korpstur på denne gjengen.

**Uskedal skulemusikk er no opptekne med å finpusse forma til 17.mai. Då er deira bidrag heilt avgjerande for å skape den rette feststemninga både i folketogget og på arrangementet elles. Etter at nasjonaldagen er vel i hamn, er det klart for korpstur med særdeles spennande program for dei unge, flinke musikantane.**

Laurdag 21.mai reiser korpsmedlemmene og leiarar til Haugesund, og hovudposten på programmet er besøk i Escape Room. Denne nyskapinga som har vore i Haugesund i ca. eitt år vorte svært populær, og for ein som aldri har vore i eit Escape Room er det vanskeleg å forklare kva dette er, men eg prøver. Spennande er det i alle fall!

Dei arbeider saman i grupper, og skulemusikantane vert delt i grupper på ca. 5. Inne i rommet får laget ulike utfordringar som skal løysast i fellesskap. Det er få fysiske utfordringar, men meir det vi kan kalla intellektuelle og gåteprega oppgåver. Det er også ein type sporleik som krev samarbeid. Det gjeld så å løysa alle oppgåvene slik at dei slepp ut av rommet før tida er ute. Tilbodet er blitt svært godt motteke, og det eignar seg for både lagbygging og som familieunderhaldning. Det er Escape Room både for vaksne og for born/ungdom over 10 år.

I tillegg til besøket i Escape Room vert det også tid til andre aktivitetar i Haugesund. Det vert i alle fall sett av tid både til shopping og til pizzabuffet på Egons Smedasundet. Også innslag som alltid slår an!

Det vert nok ein kjekk dag for den flott musikantgjengen som vi kan vera så stolte av at vi har i bygda no!



Ella og Tørres øver på trommemarsjar for å skapa den rette 17.mai-stemminga.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Anja Strüter og Thor Inge Døssland